



Sak: 26/8712
JournalpostID: 26/39342
Saksbehandlar: Jens Erik Naustdal
Dato: 26.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Stad kommunestyre	

Fritak politiske verv - Hildegunn Starheim Remme

Bakgrunn for saka:

Hildegunn Starheim Remme (Sp) skriv slik i søknad om fritak frå politisk verv i Stad kommune:

Hei,

Eg er medlem av samfunnsutvalet, men ønskjer med dette å trekkje meg frå utvalet, då eg ikkje lenger bur på Nordfjordeid.

Eg har flytta til Førde og hadde i utgangspunktet eit ønskje om å kombinere dette med vervet i samfunnsutvalet. Ser at dette ikkje er realistisk å følgje opp vervet slik ein bør.

Eg ønskjer difor å takke for tilliten og moglegheita til å vere ein del av samfunnsutvalet.

Med venleg helsing

Hildegunn Starheim Remme

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Søknad om fritak for Hildegunn Starheim Remme (Sp) vert imøtekomen jf kommunelova § 7-9 fyrste ledd
2. Nytt fast medlem i samfunnsutvalet vert jf kommunelova § 7-10 tredje ledd
3. Nytt siste varamedlem i Stad kommunestyre for Senterpartiet vert Sidsel Helene Otnes jf kommunelova § 7-10 andre ledd

Saksopplysningar:

Hildegunn Starheim Remme har følgjande verv i Stad kommune:

- Fast medlem i samfunnsutvalet
- Varamedlem i kommunestyret

Vurdering:

Søknaden frå Hildegunn Starheim Remme er tilstrekkeleg grunngjeve etter kommunelova § 7-9 fyrste ledd.

Kommunelova § 7-9 fyrste ledd.:

«En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.»

Søknad om fritak skal hansamast etter reglane i Kommunelova §§ 7-10 andre ledd og 7-10 tredje ledd.

Kommunelova § 7-10 andre ledd:

«Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt»

Kommunelova § 7-10 tredje ledd:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.»

Vedlegg:

26.08.2026

Verv

1878748